

Krig og NS-statistikk



At direktøren for Heimefrontmuseet også er museumsvaktar for den rette, statleg autoriserte heltehistoria om krigen i Norge, er ikkje noko nytt. Det var ein annan forskar ved dette museet som bad Riksarkivet gripe inn mot den kontroversielle historikaren Lars Borgersrud. Det førde til at Borgersrud vart svartelista, og først etter at han hadde anka avgjerda til Justisdepartementet, opna arkivdørene seg for han att. Grunnlaget for åtgjerda var at han på eit historikarseminar i

Dei som ikkje tolte NS-avsløringane til Lars Borgersrud, kjem med halvkvæda viser om NS-påverka avisredaksjonar

Bergen la fram ei undersøking som viste at ein sjokkerande stor prosent av dei norske offiserskorpset var medlemmer av Nasjonal Samling i 1940.

NS-prosenten der var sju gonger større enn i befolkninga elles, og mellom dei avslørde var tre offiserar som hadde skapt seg namn som motstandsfolk etter krigen. Då var offiserstanden så skandalisert at Jens Chr. Hauge måtte leite med lys og lykt for å stable på beina ei anstendig leing for gjenoppbygginga av forsvaret. Som ung historieforskar hadde Borgersrud blitt forsikra om at NS-prosenten blant offiserar var langt under gjennomsnittet. Men når sanninga kom for ein dag, prøvde museumsvaktarane å leggje kjelkar i vegen for han.

Den saga har fleire akter enn dette. I boka *Konspirasjon og kapitulasjon* viser Borgersrud at ei avgjerande årsak til den norske kapitulasjonen var at store deler av våpna var like udugelege som den stille mobiliseringa, fordi forsvaret var retta mot folket, og ikkje mot fienden. Ikkje noko av dette er med i den statsautoriserte historieskrivinga i Norge, og ingenting tyder på at det får nokon plass i det fem bind store verket *Norsk Forsvarshistorie* som no er under utgjeving.

Det er difor blodig ironisk at det same museumslauget som ikkje tolte NS-avsløringane til Borgersrud, no kjem med halvkvæda viser om NS-påverka avisredaksjonar. Fordi media ikkje lenger dansar like lydig etter pipa til det krigshistoriske Sanningsministeriet, nytta museumsdirektør Arnfinn Moland eit seminar i Den illegale presses forening til å påstå at nære og fjerne slektningar av gamle NS-folk i avisredaksjonar gjer det lett for «historierevisjonistane» å få på trykk usanne påstandar om krigen. Etter eit referat frå møtet i fagbladet *Journalisten* omfatta usanninga også «meningsløse angrep på Heimefronten og Milorg». Skandaliserte bøker som Egil Ulateigs *Med rett til å drepe* (om likvidasjonar under krigen) vart trekt fram i lyset, og særleg *Dagbladet* hadde svikta sin historiske

misjon etter at veteranar i generasjonen til Arrie Skouen hadde blitt avløyst av historielause journalistar lett påverka av miljøet rundt *Dagbladets* eigen Hans Fredrik Dahl, pluss Øystein Sørensen og Nils Johan Ringdal.

Etterpå har Moland prøvd å modifisere påstandane sine til eit spørsmål om statistikk. Fordi det etter statistikken for befolkninga elles var sannsynleg at ein viss andel av journalistane hadde ein slik slektsbakgrunn, kunne det vere ei av fleire årsaker til ein avvikande journalistikk. Han har ikkje noko faktisk grunnlag, og difor ingen namn å komme med. Men kor interessant er det då? Det er ein underleg statistikk-bruk frå eit hald som ikkje tolte det statistiske NS-avviket Borgersrud la på bordet. Sjølv veit eg om journalistar med «belasta» slektsbakgrunn som, nettopp av den grunn, er mellom dei mest ihuga til å avsløre nazismen både før og no. Men først og fremst avslører fråsegnen til Moland endå ein gong ein mentalitet med historiske røter.

Heimefront-kriksar har sidan rettsoppgjert vore vaktbikkjer for den «rette» forståinga av krigen. Såleis var det VG, med heimefrontmann Oskar Hasselknippe i redaktørstolen, som etter krigen dreiv rein kampanjejournalistikk for frifinning av grenselosane som tok livet av eit jødisk ektepar dei skulle lose til Sverige (Feldmann-saka). Leiaren for politisk sjonen mot dei norske jødane som vart deportert til gasskammera under krigen, vart frikjend for at han også skulle ha ytt Heimefronten tenester. Frå ein annan vinkel skriv Hans Fredrik Dahl og Henrik G. Bastiansen i det kritikkaroste verket om den norske ytringsfri-dommens historie (*Hvor fritt et land?*), ikkje berre om den omfattande (og lett forståelege) etterkrigssensuren i alle media av folk med NS-fortid. Også personar med plettfri fortid (som ein tidlegare Milorgsjef i Oslo) fekk fengselsstraffer utan vilkår, mellom anna for bøker som hevda at embets- og tene-stemenn hadde hjulpet tyskarane. Det er eit etterkrigskapittel som enno er lite etterforsa, skriv forfattarane.

Over femti år etter krigen er kampen om historia langt frå slutt. «Først når den historikargenerasjonen som gjorde karriere på den kalde krigen er borte, er det von om gjennombrøt for ei ny forståing», sa Lars Borgersrud til *Dag og Tid*. Det er tydeleg at det er denne ideologiske generasjonen som framleis opererer som eit krigshistorisk sanningsministerium, med eit statleg krigsmuseum som base.

Media dansar ikkje lenger like lydig etter pipa til det krigshistoriske Sanningsministeriet

Roald Helgheim

D.e.T.